

## Saksprotokoll i 21.04.2020 - kontrollutvalet

### Handsaming i møte

Det vart semje om at det er ønskjeleg å bestille to forvaltningsrevisjonar no.

I diskusjonen vart desse områda spelt inn som aktuelle for forvaltningsrevisjon:

- Iril Schau Johansen - Tannhelse
- Klaus Iversen - Havbruk og fiskeri
- Renate Møgster Klepsvik - Informasjonstryggleik og internkontroll

Etter felles diskusjon kom kontrollutvalet fram til at ein ønskjer å gjennomføre forvaltningsrevisjon innan Tannhelse og Informasjonstryggleik.

På bakgrunn av dette kom kontrollutvalet med slike problemstillingar/moment til kvart av områda:

Tannhelse:

- Får dei som har rett på gratis tannhelseteneste det tilbodet dei skal ha?
- Vert frister for innkalling halde?
- Blir inntektssikring ivareteke?

Informasjonstryggleik:

- Styringssystem
- System og rutinar
- Oversikt over personopplysningar
- Datasikkerhet
- Nettfiskeforsøk
- Lagring av sensitive opplysningar
- GDPR

Forslag til prosjektplanar vert å levere sekretariatet innan 29.04.2020.

Med denne endringa i punkt 3 vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

### Vedtak

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon innan Tannhelse og Informasjonstryggleik.
2. Deloitte vert beden om å levere forslag til prosjektplanar i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.
3. Forslag til prosjektplanar bes levert sekretariatet seinast innan 29.04.2020.
4. Prosjektplanane skal leggjast fram til godkjenning i neste møte i kontrollutvalet.